

Kapittel 4. Etter kommunereformen: partiorganisering og nominasjon i «nye Asker»

Elisabeth Bakke

Trass i fallande medlemstal spelar politiske parti ei nøkkelrolle i det representative demokratiet. Dei formulerer politiske program, nominerer kandidatar til offentlege verv, mobiliserer veljarar og bidreg til å halde dei politiske elitane ansvarlege gjennom å passe på at dei handlar i samsvar med programmet dei er valde på. Korleis partia organiserer seg, varierer både i tid og rom. Dei tradisjonelle vesteuropeiske massepartia hadde ein hierarkisk oppbygd partiorganisasjon med mange medlemmar og eit finmaska nett av lokallag. Internasjonalt har utviklinga gått i retning av meir toppstyrte parti med færre medlemmar, slankare organisasjon og ein meir fleksibel ideologisk profil, og profesjonelle har overtatt mange av oppgåvene til medlemmane. I Noreg lever massepartimodellen likevel i beste velgåande, både som organisatorisk praksis og normativt ideal. Profesjonaliseringa kjem sterkare til uttrykk på riks- og fylkesplan enn lokalt, der arbeidet framleis i stor grad er basert på frivillig innsats (Duverger, 1959; Katz & Mair, 1995; Krouwel, 2006; sjå også Saglie, kap. 3 i denne boka).

Mykje av partiforskinga, både i Noreg og internasjonalt, fokuserer på partia nasjonalt. Kva som skjer i lokallaga, er det forska mindre på, og det same gjeld lokale nominasjonsprosessar (men sjå Ringkjøb & Aars, 2005). Lokallag er både grunneiningar i partiorganisasjonen og arena for utforming av politikk på kommunalt nivå, men mykje av aktiviteten mellom årsmøta handlar nettopp om arbeidet i kommunestyret. Det er også lokallaget som bestemmer kven som står på kommunevallista, og ikkje minst, kven som får stemmetillegg. Hovudregelen er at inndelinga i lokallag følgjer kommunegrensene. Det er derfor spennande å sjå på kva som skjer med partiorganisasjonen når kommunar slår seg saman.

I 2019 er det val til kommunestyret i 47 nye storkommunar. I dette kapittelet skal vi sjå nærmare på kva som skjer med partia i ein av desse kommunane. Hovudproblemstillingane er 1) korleis partia vel å organisere partiarbeidet etter samanslåinga, og 2) korleis dei gamle lokallaga fordeler tillitsverv i partiet og plassar på kommunevallista seg imellom. Nye Asker er eit interessant tilfelle fordi dei tre gamle kommunane er svært ulike; Asker har nesten dobbelt så mange innbyggjarar som Røyken og Hurum til saman. Partia kunne uansett ikkje velja å halde fram heilt som før. Vallova (§ 6) tillèt berre ei liste per parti i valkretsen, og lokallaga i dei gamle kommunane måtte derfor som eit minimum bli samde om ei felles liste for kommunevalet i 2019. Fordi partistøtta er knytt til oppslutning ved kommuneval, er det mest praktisk å ha eit fellesstyre for heile den nye storkommunen, men ved å behalde organisasjonsledd på kommunedelnivå kan partia senke terskelen for deltaking og til ein viss grad vega opp for auka avstandar. Det er rimeleg å tenkje seg at partia er opptekne av å sikre representasjon frå alle dei gamle kommunane, men er lokallaga representert på like fot eller proporsjonalt etter folketal? I ein situasjon der geografi veg tyngre enn vanleg, er det dessutan grunn til å frykte det Skjeie og Teigen (2003) kallar vikeplikt for likestilling.

Kapittelet er basert på avisartiklar frå dei to lokalavisene Asker og Bærums Budstikke og Røyken og Hurums Avis (RHA), partidokument tilgjengelege på internett, informasjon (om medlemstal) frå partikontora og intervju med lokallagsleiarar i Asker. Som leiar i Asker Sp har eg dessutan trekt på personlege erfaringar med prosessen i Senterpartiet. Eg nyttar høvet til å takke for velviljen eg har vorte møtt med i dei andre partia.

Bakgrunn: vegen fram til nye Asker

Da arbeidet med kommunereforma starta våren 2015, var samanslåing av Asker, Røyken og Hurum eitt av fem aktuelle alternativ vest for Oslo. Ein intensjonsavtale vart signert i mai 2016, etter at det var halde folkeavstemming i Hurum og innbyggjarundersøkingar i Røyken og Asker. Kommunesamanslåinga har ikkje vore ei heilt enkel sak partipolitisk. Det har vore delte meiningar i dei fleste partia. Senterpartiet var det einaste partiet i gamle Asker som tona flagg før valet i 2015 – mot samanslåing. I Hurum gjekk både Sp og Ap til val på å bevare Hurum som eigen kommune, men her snudde Ap etter at det vart ja i folkeavstemminga, og sikra dermed fleirtal for samanslåing. I Hurum kommunestyre var stemmetala 21 for og 8 mot (Sp, MDG, ein frå Venstre og ein utbrytar frå Ap), i Røyken 24 for og 3 mot (MDG og SV), og i Asker 42 for og 5 mot (MDG, Sp, SV og Pensjonistpartiet). Høgre stemte samla for, saman med KrF og Frp (Budstikka, 14.6.2016; RHA 21.6.2016 og 23.6.2016).

Den nye kommunen blir den sjette største i Noreg. I folketal er Asker storebror, med 61 000 innbyggjarar, medan Røyken har 22 500 og Hurum har 9500 (Statistisk Sentralbyrå, 2018). Asker er også betre stilt økonomisk enn dei to andre (Deloitte & Telemarksforsking, 2016, s. 23). I areal er likevel både Hurum og Røyken større enn Asker.

Partiorganisasjonen

Norske parti er framleis i stor grad medlemsorganisasjonar, sjølv om det samla medlemstalet vart nesten halvert mellom 1990 og 2012 (Allern et al., 2016, s. 40). I denne delen av kapittelet skal vi sjå nærmare på kva som skjer med partiorganisasjonen når kommunar slår seg saman. Partia må som eit minimum ha eit fellesstyre som kan levere



Figur 4.1 Nye Asker kommune
Kjelde: Asker kommune.

liste og søke om statsstøtte på vegne av kommunepartiet. Men ut over dette gir partivedtektene eit visst handlingsrom. Det er to modellar: 1) Det kan vera fleire lokallag eller partiavdelingar i same kommune, men laga må ha ei overbygning i form av eit kommuneparti, eit kontaktutval eller eit fellesstyre. Ap, SV og Sp har denne modellen. 2) Medlemene i kommunen utgjer lokallaget/kommunepartiet, men årsmøtet kan velja å opprette bydelslag, kretslag eller grendelag under desse. Høgre, Venstre, KrF og Frp har denne modellen. MDGs vedtekter er tause.

Partia i nye Asker måtte bestemme seg for 1) når og korleis samanslåinga av partilaga skulle skje, og 2) om dei skulle bevare organisasjonsledd under kommunepartinivå eller ikkje. Fordelen ved å behalde ei viss organisering lokalt er at det kan senke terskelen for deltaking og til ein viss grad vega opp for auka avstandar (det er over fem mil frå Hurumlandet til Asker). Ulempa er at det kan gjera det vanskelegare å skape samhald på tvers av dei gamle partilaga. Fellesstyre som utgår frå lokallagsstyra (SV og Sp) kan dessutan både føre til maktkonsentrasjon og stor arbeidsbelastning for dei som blir sitjande i dobbeltroller.

Tabell 4.1. Tidspunkt for samanslåing, organisering og medlemstal ved utgangen av 2018

Parti	Dato for samanslåing	Kommune-delslag	Samla medlemstal i desember 2018	av dette i Asker
Arbeidarpartiet	29.1.2018	ja, 3 arbeidarlag	493	50%
Miljøpartiet Dei Grøne	10.2.2018	nei	171	63%
Kristeleg Folkeparti	5.6.2018	nei	188	62%
Høgre	13.6.2018	ja, 7 kretslag	931	74%
Framstegspartiet	16.6.2018	nei	318	51%
Venstre	8.1.2019	nei	179	63%
Senterpartiet	13.2.2019	nei	76	54%
Sosialistisk Venstreparti	14.3.2019	nei	129	67%

Kjelde: partia. Prosentfordelinga for Frp og Høgre er basert på tal frå 31.12.2017.

Den praktiske gjennomføringa har mange likskapstrekk på tvers av parti, sjølv om tidspunkt og graden av formalisering varierer. Dei minste partia (Sp, SV og til dels MDG) hadde dei mest uformelle prosessane. Dei fleste partia sette ned arbeidsgrupper eller interimstyre for å førebu samanslåinga, med to eller tre representantar frå kvart lokallag. Leiar og gruppeleiar var typisk blant desse. Desse arbeidsgruppene avtalte ein tidsplan og drøfta prinsippa for samansetjing av styret og valkomiteen i nye Asker, eventuelt også organ som nominasjonskomité, programkomité og vedtektskomité. Ap var først ute med å fullføre prosessen og danna dermed delvis mønster for dei andre partia. Først vedtok årsmøta i dei respektive partilaga samanslåing; deretter var det stiftingsmøte for det felles partilaget i nye Asker med val til styre, valkomité etc. MDG slo seg saman i februar og Venstre i april, men fordi vedtektene krev 2/3 fleirtal i to påfølgjande årsmøte for å slå saman eller oppløyse lokallag, vart nye Asker Venstre formelt eitt lag først etter årsmøtet i januar 2019. KrF, Høgre og Frp slo saman laga i juni 2018, medan Sp og SV venta til etter årsskiftet.

Storleik var avgjerande for korleis partia valde å organisere seg. Det er berre dei to største partia i nye Asker som har organisasjonsledd under kommunepartiet. Ap har som einaste parti vald ein struktur som følgjer dei gamle kommunegrensene, i form av arbeidarlag med eigne styre og eigne vedtekter. Dette heng delvis saman med at Ap var først ute. Leiar i nye Asker Ap, Marianne Riis Rasmussen, seier at hovudformålet med arbeidarlaga var å følgje opp kommunestyregruppene fram mot valet i 2019. Sidan ingen av dei gamle kommunepartia hadde tradisjon for arbeidarlag, er det mogleg at dette blir ei overgangsordning.

I Høgre har dei vald ei litt anna løysing. Etter Høgres lover (§ 4) utgjer medlemene i ein kommune ei foreining som kan delast i kretsforeiningar. Asker Høgre var før samanslåinga med Røyken og Hurum det klart største partiet både i stemmetal og medlemstal, og hadde ni kretsforeiningar. Etter samanslåinga er det sju kretsar i nye Asker Høgre: ei i Hurum, to i Røyken og fire i Asker – av desse ei (Heggedal/Hallenskog/Vollen/Slemmestad) som kryssar kommunegrensa mellom Asker og Røyken. Kretsforeiningane har eigne styre, er representerte i hovudstyret med leiaren og er høyringsinstans i nominasjonsprosessen. Tidlegare leiar i Asker Høgre, Stein H. Annexstad, som også leidde samanslåingsprosessen, seier at Asker Høgre meinte det var ein styrke for partiet å ha kretsar. Hovudoppgåva er medlemspleie, særleg i samband med nominasjon, programarbeid og valkamp.

Resten av partia har vald å nøye seg med eitt lag i nye Asker. I Frp vart kretslag vurdert, men tidlegare leiar i Asker Frp Jan H. Gustavsen, som leidde samanslåingsprosessen, seier dei droppa det fordi dei var redde for at det ville hemme integrasjonen mellom dei tre opphavlege Frp-laga. Venstre gjorde same vurdering. I resten av partia (KrF, MDG, SV og Sp) er hovudargumentet at laga er for små til å ha krets- eller grendelag, og mykje av det lokale partiarbeidet vil uansett vera knytt til kommunestyret. Jostein Rensel i nye Asker KrF meiner at fleire folk i same lag er ein fordel snarare enn ei ulempe fordi det skaper meir aktivitet og engasjement, og gir større slagkraft i arbeidet med politikkområde. Både han og Njål Vikdal i nye Asker Venstre ser tematisk organisering som eit betre alternativ enn kretslag.

Sp var som kjent mot kommunesamanslåinga, men lokallaga bestemmer sjølve om dei vil velja eit fellesstyre eller slå seg saman. Landsstyret vedtok i april 2018 nye retningslinjer for arbeidet i kommunar med fleire lokallag der det går fram 1) at lokallaga er sjølvstendige og sorterer rett under fylkeslaget, og 2) at fellesstyret skal vera samansett av leiar og nestleiar i lokallaga, gruppeleiar og leiaren for Senterungdommen. Retningslinjene gir fellesstyret ansvar for nominasjonsprosessen og programarbeidet ved kommuneval, inkludert oppnemning av komiteane, kommunerådsmøte, valkamp, val av utsendingar til årsmøte og nominasjonsmøte på fylkesnivå, søknad om statstilskot, samanstilling av rekneskap for lokallaga og rapportering, forvaltning av kommunale tilskot til partiarbeidet og årsmelding. Det som taler mot denne modellen, er at den genererer mykje unødvendig dobbeltarbeid.

Da prosessen starta, hadde berre Asker og Hurum Sp fungerande styre. Styret i Asker Sp gjekk inn for samanslåing, og fekk tilslutning til dette på årsmøtet i 2017. Røyken Sp hadde i mellomtida starta opp igjen arbeidet, og i Hurum var det ikkje stemning for å forhaste seg. Våren 2018 var det først eit bli-kjent-møte på Spikkestad, som var ope for alle medlemar i dei

tre laga, og deretter eit møte mellom styra på rådhuset i Hurum. Asker foreslo å oppnemne to medlemar kvar til nominasjonskomiteen og programkomiteen. Rett før sommaren arrangerte Asker dessutan gratis busstur med innlagt lunsj for alle medlemar. Utpå hausten kom vi i fellesskap fram til at det var mest praktisk å gå inn i valkampen som eitt lag.

Leiarar/gruppeleiarar avtalte derfor delvis felles årsmøte i november 2018 og la opp til samanslåing i februar 2019.

Ut frå dei samtalane eg har hatt med dei andre partileiarane, verkar det som prosessen har vore forbløffande lite konfliktfylt. Tidlegare leiar i Asker Frp, Jan H. Gustavsen, seier han er «glad og stolt over prosessen». Marianne Riis Rasmussen i nye Asker Ap karakteriserer samanslåinga som ein hyggeleg prosess der det var full semje om alle vedtak; Cecilie Lindgren i nye Asker Høgre skriv at partiet har brukt mykje tid på å forankre prosessen i dei tre foreiningane; og Even Gulowsen i nye Asker MDG seier at prosessen har gått «merkeleg bra». Eg trur det er to hovudgrunnar til dette. For det første har alle lagt vekt på å skape møteplassar undervegs og spreie fellesarrangementa utover. Ap hadde kanskje det mest omfattande opplegget i samband med markeringa av 1. mai, med frukost i Heggedal (Asker), tog i Slemmestad (Røyken) og konsert på Tofte (Hurum), med gratis busstransport mellom. Temamøte om kommunesamanslåing og samferdsel er ein gjengangar. Dei fremste kommunepolitikarane vart dessutan godt kjente under arbeidet med kommunesamanslåinga.

For det andre framhevar fleire av partileiarane at ei raus haldning frå storebror Asker si side i fordelinga av tillitsverv har vore særleg viktig for eit vellykka resultat. Fire av partia (Ap, MDG, Venstre og Sp) har fordelt tillitsverv i nye Asker likt eller tilnærma likt mellom dei tre opphavlege partilaga. I dei tre andre partia (Høgre, Frp og KrF) er fordelinga meir proporsjonal, og representantar for gamle Asker utgjer eit fleirtal i styret.¹ Vedtektene gir eit visst slingringsmonn når det gjeld talet på medlemar i styret, og dette har partia utnytta. Tre av partia låg allereie på maksgrensa (Ap, Frp og KrF), men resten har utvida talet på styremedlemar noko. Det har gjort det lettare å sikre ei god fordeling.

Nominasjonsprosessen

Nominasjonsprosessen framfor kommunevalet i 2019 var både meir komplisert og litt meir konfliktfylt enn samanslåinga av lokallaga. Dei fleste partia må rekne med å halvere gruppa når talet på kommunestyrerepresentantar skal ned frå 103 til 55 (tabell 4.2), og geografisk representasjon må balanserast mot andre viktige omsyn, som kjønn, alder og (i enkelte parti) minoritetsbakgrunn. Vi skal først sjå på sjølve prosessen og deretter på korleis partia har løyst dilemma knytt til representasjon. Gallagher og Marsh (1988) omtalte nominasjonsprosessar som «politikkens hemmelege hage». Dette er interne prosessar som det kan vera vanskeleg å få innsyn i for utanforståande. Den internasjonale forskinga skil mellom to dimensjonar: kor opne slike prosessar er og graden av sentralisering. Nominasjonar i norske parti er desentraliserte og lukka: Det er lokallaga som bestemmer, og ein må vera partimedlem for å

¹ Lokallaga i SV hadde enno ikkje fullført samanslåingsprosessen da boka gjekk i trykken. Fordelinga av tillitsverv var derfor ikkje klar.

delta (Narud & Valen, 2007, s. 72–77). Tidlegare forskning på lokale nominasjonsprosessar basert på data frå bl.a. Røyken viser at få personar er aktive i nominasjonsarbeidet; at nominasjonskomiteen ofte tar utgangspunkt i lista frå førre val, og at heile 80 prosent av komitémedlemene også var listekandidatar (Ringkjøb & Aars, 2005, s. 343–344).

Partilaga i nye Asker er relativt store i norsk målestokk, og måten nominasjonsprosessen er organisert på er ikkje veldig ulik. Høyringar blant medlemene er vanleg, og fleire av partia gjekk ut offentleg og bad folk melde seg. Alle unntatt SV hadde egne nominasjonskomitear. I Ap, SV, Sp og Venstre var dei tre gamle laga likt representerte; i Høgre var komiteen samansett etter den nye kretsinnendinga (4-2-1), medan Frp hadde tre frå Asker og ein frå kvart av dei andre laga. I MDG bestod komiteen i praksis av to frå Asker, ein frå Røyken og ein «rådgjevar» frå Hurum, medan KrF hadde to frå Asker og Hurum og ein frå Røyken. Dei fleste partia i Asker har ei tydeleg norm om at folk som sit i komiteen, ikkje kan stå på kumulert plass, og i den grad dei er aktuelle i listetoppen, slik tilfellet var i Sp og Venstre, trer dei ut av komiteen. SV er eit unntak. Her fungerte fellesutvalet også som nominasjonskomité. Alle tre toppkandidatar sat i fellesutvalet, men det var dei respektive lokallaga som bestemte kven som skulle vera lokallagets representant i listetoppen. Det er vanlegare at nominasjonskomitémedlemar er listefyll, særleg i dei mindre partia. I Høgre er det ingen, og i Ap, Venstre og Frp vart dei lagt til under nominasjonsmøtet. Samla er 36 prosent av komitémedlemene listekandidatar.

Tabell 4.2. Valresultat og kommunestyrerepresentantar i Asker, Røyken og Hurum

	Resultat 2015							Mandat nye Asker ¹	
	% Asker	% Røyken	% Hurum	Mandat Asker	Mandat Røyken	Mandat Hurum	Mandat Samla	a)	b)
Høgre	47,7	40,4	31,6	23	11	9	43	25	21
Ap	18,8	27,1	28,7	9	7	8	24	12	12
Frp	7,8	11,4	10,7	4	3	3	10	5	8
Venstre	8,0	7,7	9,5	4	2	3	9	4	5
MDG	7,2	5,8	5,7	3	2	2	7	4	2
SV	2,9	3,4	4,3	1	1	1	3	2	3
KrF	2,8	3,2	3,5	1	1	1	3	2	1
Sp	1,8	–	6,1	1	0	2	3	1	2
Andre ²	1,8	–	–	1	0	0	1	0	1
Mandat samla				47	27	29	103	55	55

1. Berekna ved hjelp av mandatberekningsprogrammet Celiuss, basert på valresultatet i a) 2015 og b) 2017.

2. I 2015: Pensjonistpartiet. I nye Asker: Raudt.

Eit viktig strategisk val er kor mange ein skal kumulere. Ved val til kommunestyre med 55 medlemar eller fleire kan partia etter vallova (§ 6-2) stille med 61 kandidatar og kumulere inntil ti, som da får eit stemmetillegg på 25 prosent. Dei som får flest personstemmer (medrekna stemmetillegget), blir partiets representantar i kommunestyret. Ved å kumulere

mange får partiet betre kontroll over kven som blir vald, og kan lettare sikre at begge kjønn og alle delar av kommunen blir representert. Det er også lettare å få folk til å stille som «listefyll» når dei veit at dei ikkje risikerer å koma inn. Det er som Ringkjøb og Aars (2005) påpeiker ikkje nødvendigvis rift om å sitja i kommunestyret. Men viss partiet kumulerer langt fleire enn det har realistisk sjanse til å få inn, kan veljarane øydelegge balansen på lista ved å stemme på sine egne sambygdingar. Sidan Asker-veljarane utgjør 66 prosent av totalen, vil forskyvingar mest sannsynleg gå ut over kandidatar frå Røyken og Hurum. Det optimale sett frå partiets synsvinkel, er altså å kumulere omtrent så mange som ein trur at ein får inn.


Storleik spelar heilt klart ei rolle. I nye Asker er det berre Høgre og Ap som kan rekne med å få inn fleire enn ti (tabell 4.2), og begge har vald å kumulere så mange som lova tillèt. Høgre var i ein spesiell situasjon, i og med at partiet har ordføraren i alle dei tre gamle kommunane, og nominerte topptrioen allereie på stiftingsmøtet i juni 2018. Komiteen signaliserte samtidig ei 5-3-2-fordeling blant dei ti kumulerte. Stein H. Annexstad seier det var semje i Asker Høgre om å vera raus mot partifellene i Røyken og Hurum, slik at dei ikkje skulle føle seg overkørde. Med same valresultat som i 2015 vil Høgre få 25 representantar i kommunestyret, dvs. at det er gode sjansar for å koma inn sjølv om ein ikkje står på kumulert plass. I Ap er nålauget trongare; med same resultat som sist vil partiet få 12 mandat. For å sikre lik representasjon den første gongen Ap stiller felles liste, har ein vald å kumulere tre frå kvart lag pluss ein ungdomskandidat (Budstikka, 7.12.2018).

For dei mindre partia er situasjonen ein annan. Med same valresultat som i 2015 kan Frp, MDG og Venstre rekne med å få 4–5 mandat og SV, KrF og Sp 1–2. Frp og MDG har kumulert omtrent så mange som dei kan håpe å få inn. Nominasjonskomiteen i Frp foreslo først å kumulere berre ein frå kvar kommune, men landa til slutt på fem totalt (2-2-1-fordeling), etter at ein forsmådd Asker-representant trekte seg frå lista (Budstikka, 3.11.2018). I 2015 kumulerte dei tre lokallaga i MDG dobbelt så mange som dei fekk inn, men valde denne gongen å kumulere fire – to av kvart kjønn. Leiar Even Gulowsen seier det ville vera uheldig om Asker med si stemmetyngde gjer at MDG ikkje blir representert frå Hurum. KrF, Sp, SV og Venstre har kumulert fleire enn det er realistisk å få inn. Det er da opp til veljarane kven av dei kumulerte som blir vald. I Asker Sp konkluderte vi raskt med at vi måtte kumulere ein kandidat frå kvart av lokallaga. Dette er viktig også for å kunne drive effektiv valkamp i heile storkommunen. I SV var det semje om at dei tre laga skulle ha kvar sin kandidat på dei tre øvste plassane, og at ungdomskandidaten i gamle Asker skulle ha fjerdeplassen. Også KrF valde å kumulere fire (2-1-1-fordeling), og Venstre heile sju: fire frå Asker, to frå Røyken og ein frå Hurum. KrF og Venstre skilde seg ut ved at nominasjonskomiteen foreslo ein frå Røyken og to frå Asker på topp. Nominasjonskomiteen i Venstre leverte dessutan delt innstilling på fjerdeplassen (Hurums kandidat). Leiar Njål Vikdal i nye Asker Venstre seier at det var små utslag av personstemmene ved valet i 2015 i Asker, og håper det går bra også denne gongen, slik at alle tre kommunar blir representerte.

I dei minste partia gjekk nominasjonsmøta fredeleg for seg. Det var full semje om lista i SV, MDG og Sp. I Høgre slutta nominasjonsmøtet samrøystes opp om topptrioen og resten av dei kumulerte. Det var kampvotering på plass 24, utan at det endra noko, og den tapande

kandidaten (som vart ståande lenger ned) trøysta seg med at det er personstemmene som avgjer (Helland, 2018, 12. november). I dei andre partia handla det om dei kumulerte plassane. I Ap var det kampvotering om femteplassen (innstillinga vart ståande) og tiandeplassen, der utfordraren – ei kvinne med minoritetsbakgrunn – trekte det lengste strået (Budstikka, 7.12.2018). I Frp var det kampvotering om femteplassen mellom tre kandidatar, og den eine av dei tapande kandidatane meldte seg deretter ut (Budstikka, 6.12.2018). Alle kampvoteringar i desse tre partia var mellom kandidatar frå Asker, alle involverte sitjande kommunestyrerepresentantar, og i Ap var motkandidatane også av same kjønn. I KrF var det kampvotering om førsteplassen, der den sitjande Asker-representanten utfordra leiaren for nye Asker KrF (innstillinga vart ståande). I Venstre var det lagt opp til kampvotering mellom to sitjande kommunestyremedlemar frå Hurum, og i tillegg tok leiaren for nye Asker Venstre opp kampen om førsteplassen på lista. Etter å ha tapt denne med knapp margin gav han frivillig frå seg tredjepllassen til Hurums kandidat og vart sjølv nummer fire. Den tapande Hurum-kandidaten trekte seg deretter frå lista (RHA, 8.12.2018).

For å oppsummere: Bortsett frå KrF har alle partia ein kandidat frå kvar kommune i topptrioen. Blant dei kumulerte er kandidatar frå Røyken og Hurum overrepresenterte i forhold til folketal. Når det gjeld lista som heilskap, utgjør Asker-folk litt over halvparten av kandidatane i SV, Venstre, KrF og Frp og litt under i Sp, MDG og Ap (figur 4.2). Her har Høgre den mest proporsjonale fordelinga. I dei andre partia spelar det i praksis lita rolle kven som står på ukumulert plass.



Alle partia har altså gjort val undervegs i nominasjonsprosessen som gjer at dei to minste kommunane er overrepresenterte. Men kva for konsekvensar har det for listebalansering etter andre kriterium? Mi eiga forskning (Bakke, 2011) basert på slovakiske data, viser at valalliansar hadde færre kvinner på valbar plass enn vanlege partilister fordi omsynet til fordeling av kandidatar mellom partia i alliansen fekk forrang. Det kunne derfor vera grunn til

å frykte det Skjeie og Teigen (2003) kallar vikeplikt for likestillinga. Men det er faktisk ikkje tilfelle. Bortsett frå Frp har ingen av partia under 40 prosent kvinner på lista som heilskap, og kjønnsfordelinga har endra seg lite sidan 2015. Skeivast kjønnsfordeling på *kumulert* plass har FrP (4-1 i menns favør), KrF (3-1) og Sp (2-1). Ap, SV og MDG har kumulert like mange av begge kjønn. I Venstre vart resultatet etter nominasjonsmøtet fire kvinner og tre menn. Høgre har kumulert seks kvinner og fire menn, og blant dei 22 første på lista er halvparten kvinner. Blant listefyllet er menn derimot i fleirtal. Ap, SV, Venstre og Frp har unge kandidatar på kumulert plass, og tre av dei seks ungdomskandidatane i Høgre står høgt nok på lista til å bli valde om det ikkje blir store rokeringar. Berre partia på venstresida har minoritetskandidatar: SV to og Ap fem – av desse er to kumulert (medrekna AUFs kandidat).

Det mest slåande er faktisk kor stor del av dei kumulerte som er sitjande kommunestyrerepresentantar. I Høgre gjeld det ni av ti, i Ap sju av ti, i Frp tre av fem, i Venstre tre av sju, i MDG og KrF to av fire og i Sp to av tre. I SV er det ein sitjande og ein tidlegare representant blant dei fire kumulerte. Til saman er over 60 prosent av dei kumulerte sitjande representantar. Det ser ut som partia har prioritert å kumulere minst ein frå kvar kommune. Både i Høgre og Ap utgjer sitjande representantar 36 prosent av alle kandidatar på lista. Det kan dermed verke som omsynet til kontinuitet har trumfa omsynet til fornying. Dette er ikkje uvanleg når folkevalde forsamlingar krympar.

Konklusjon

Gitt at det var delte meiningar om kommunesamanslåing undervegs i prosessen, og at enkelte parti også var splitta internt, skulle ein tru at spørsmålet om samanslåing av partilaga ville vera meir konfliktylt enn det var. Men alle har vald å slå saman dei gamle lokallaga i god tid før kommunevalkampen startar, og berre dei to største partia bevarer kommunedelslag. Partia viser seg dermed å vera litt meir tilpassingsdyktige enn forskingslitteraturen vil ha det til (Saglie, kap. 3 i denne boka). Det er først og fremst praktiske grunnar til det. Partiarbeid lokalt er basert på frivillig innsats, der folk er med fordi dei interesserer seg for politikk. Partia må uansett ha eit fellesstyre for å stille liste og søkje om partistøtte, og mykje av aktiviteten mellom årsmøta handlar om arbeidet i kommunestyret. Motivasjonen for unødvendig organisasjonsarbeid er ikkje nødvendigvis særleg stor. Endra rammevilkår forklarar dermed langt på veg endra organisering. Samtidig verkar det som partia har handtert prosessen godt. Trass i ulik storleik har partilaga forhandla som likeverdige partar, og fire av partia har også fordelt tillitsverv i nye Asker likt eller tilnærma likt.

Nominasjonsprosessen har vore både meir komplisert og litt meir konfliktylt. Alle partia unntatt KrF har vald ein topptrio bestående av ein kandidat frå kvar kommune. Dei to minste kommunane er overrepresenterte blant dei kumulerte, og berre Høgre har ei tilnærma proporsjonal fordeling på lista som heilskap. Det er verdt å merke seg at auka vekt på geografi ikkje har gått på kostnad av andre tradisjonelt viktige omsyn. Når prosessen har gått etter måten greitt, skuldast det i alle fall delvis at storebror Asker har strekt seg langt for å sikre representasjon frå alle delar av den nye storkommunen. Sitjande representantar frå Asker

betaler prisen i form av hardare konkurranse om dei attraktive plassane, slik også kampvoteringane på nominasjonsmøta illustrerer. Det er likevel neppe berre altruisme som ligg bak. Partifeller har felles interesse av å appellere til flest mogleg. Dessutan vil partia måtte drive valkamp over heile kommunen, og da er det ein fordel å ha gode kandidatar som er kjent i lokalmiljøet. Ved å kumulere fleire enn det er realistisk å få inn, dyttar partia dei vanskelege prioriteringane mellom geografi og f.eks. kjønn over på veljarane. Og partifellene i Asker har råd til å vera rause, sidan personstemmene sannsynlegvis vil gå i deira favør. Det gjeld særleg i Høgre, der det er gode sjansar for å koma inn utan å vera kumulert.

På litt lengre sikt er eit interessant spørsmål kva kommunesamanslåing og påfølgjande samanslåing av partilaga har å seia for lokaldemokratiet. I nye Asker – og sikkert mange andre storkommunar – kan avstand til kommunesenteret bli eit hinder for deltaking, særleg om dei fleste møte blir lagt til rådhuset. Lokalpolitisk engasjement tar tid, og om ein i tillegg må bruke eit par timar på transport for kvart møte, vil det ikkje bli meir attraktivt å ta på seg verv. I nye Asker vil ein prøve ut nærdemokratiske ordningar for å fremje deltaking og kompensere for større avstand mellom sivilsamfunnet og folkevalde. Viss dette fungerer, kan det også revitalisere det lokale partiarbeidet.

Kjelder

- Allern, E. H., Heidar, K. & Karlsen, R. (2016). *After the Mass Party. Continuity and Change in Political Parties and Representation in Norway*. Lanham, Md: Lexington Books.
- Bakke, E. (2011). Why are there so few female MPs in Slovak parliaments? I H. Baldersheim & J. Bátorá (red.). *The governance of small states in turbulent times. The exemplary cases of Norway and Slovakia*. Opladen: Barbara Budrich Publishers.
- Budstikka 14.6.2016. Endelig ja til Røyken og Hurum.
- Budstikka 3.11.2018. Maktkamp i Frp-kulissene – Johansen topper for femte gang.
- Budstikka 12.11.2018. Alt og alle ble klappet inn i Asker Høyre – bortsett fra plass 24.
- Budstikka 6.12.2018. Frode Lerstein: – Min utmeldelse går i kveld.
- Budstikka 7.12.2018. Ingen kamp om Ap-toppen.
- Deloitte og Telemarksforskning (2015). Asker, Røyken og Hurum. Utredning om kommunesammenslåing.
- Duverger, M. (1959). *Political Parties*, 2. utg. London: Methuen.
- Gallagher, M. & Marsh, M. (red, 1988). *Candidate Selection in Comparative Perspective: The Secret Garden of Politics*. London: Sage.
- Katz R. S. & Mair, P. (1995). Changing Models of Party Organization and Party Democracy. The Emergence of the Cartel Party, *Party Politics*, 1 (1), 5–28.
- Krouwel, A. (2006). Party Models. I R. Katz & W. Crotty (red.), *Handbook of Party Politics*. London: Sage.
- Narud, H. & Valen, H. (2007). *Demokrati og ansvar. Politisk representasjon i et flerpartisystem*. Oslo: N.W. Damm & søn.
- Ringkjøb, H. E. & Aars, J. (2005). Partidemokrati uten deltakere? Om partienes nominasjonsprosesser i lokalpolitikken. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 48 (10), s. 319–348.
- Røyken og Hurums Avis (RHA) 21.6.2016. Røyken sier ja til Asker og Hurum.
- RHA 23.6.2016. Nervøst i Hurum før avstemningen.
- RHA 22.11.2018. Huringen Berthelsen troner på topp i Asker.
- RHA 8.12.2018. Christian (37) fikk Hurum inn i toppen.
- Skjeie, H. & M. Teigen (2003). *Menn imellom. Mannsdominans og likestillingspolitikk*. Oslo: Gyldendal.
- Statistisk Sentralbyrå (SSB). *Kommunefakta*.

Intervju med partileiarane:

- Stein H. Annexstad, leiar i Asker H før samanslåinga (telefonintervju 10.10.2018)
- Janne Grøttumsbråten, leiar i Asker SV (telefonintervju 28.9.2018)
- Even Gulowsen, leiar i nye Asker MDG (telefonintervju 10.10.2018)
- Jan H. Gustavsven, leiar i Asker Frp før samanslåinga (telefonintervju 19.9.2018).
- Cecilie Lindgren, leiar i nye Asker Høgre (e-post 8.10.2018).
- Jostein Rensel, leiar i nye Asker KrF (telefonintervju 14.9.2018).
- Marianne Riis Rasmussen, leiar i nye Asker Ap (e-post 24.9.2018).
- Njål Vikdal, leiar i nye Asker Venstre (telefonintervju 19.9.2018)

Andre kjelder: Partidokument (frå nettsidene til partia)

- Arbeiderpartiets vedtekter, sist endra av landsmøtet i 2017.
- Frps vedtekter, vedtatt på landsmøte 5.–7. mai 2017.
- Høyres lover, sist endra i 2016.
- Fellesvedtekter – kommuneforeninger [Høyre], med endringer vedtatt av sentralstyret 6. juni 2016.
- Kristelig Folkepartis lover, sist endra av landsmøtet i 2017.
- Vedtekter for Miljøpartiet De Grønne, sist endra av landsmøtet i 2016.
- Senterpartiets vedtekter, sist endra av landsstyret i oktober 2018.
- Retningslinjer for arbeidet i kommuner med flere lokallag [Sp].
- Vedtekter for SV, sist endra av landsmøtet 2017.
- Lokallag som skal slå seg sammen – en veileder [SV], 2018.
- Venstres vedtekter, sist endra av landsmøtet i 2015.
- Normalvedtekter for lokallag i Venstre, vedtatt av landsstyret 19.10.2014.